

Så himla sjenert

Tekst: Lars Mæhle 2017


Melodi: Beate S. Lech 2017

Vers C Eb D C




1.Eg er på veg til Sti-ne for å prø-ve tram-po-li- ne. Men
2.Ho bur rett bor-ti Fal-let og er sø-ta - re enn al- le. Når ho

6 C Eb D C




det som hop-par høgt og sprett er hjar-tet mitt, ja rett og slett. Å
smi-lar, smel-tar krop-pen i - frå tær-ne og til top - pen. Du

10 Fm⁷ 1. C




her - ligh het, eg er så him - la sje - nert.
slet - te tid, no treng eg

15 2. Fm⁷




sju da - gar fri!

Refreng 18 G F C G F C



Eg går no her og sveit tar... A - ja - ja - ja - ja - ja.

22 G F C G F C



Mens A-dams-ep-let klat rar. A - ja - ja - ja - ja.

Så himla sjenert

Tekst: Lars Mæhle

Vers

Eg er på veg til Stine
for å prøve trampoline
Men det som hoppar høgt og sprett
er hjartet mitt, ja, rett og slett
Å, herlighet!
Eg er så himla sjenert!

Ho bur rett borti Fallet
og er søtare enn alle
Når ho smiler, smeltar kroppen
ifrå tærne og til toppen
Du slette tid!
No treng eg sju dagar fri!

Refr.

Eg går no her og sveittar
A-ja-ja-ja-ja-ja
Mens adamseplet klatrar
A-ja-ja-ja-ja-ja

Vers

Ja, no ser eg søren huset
kjenner heile brystet bruse
Eg blir lam i halefjora
kva om faren opnar døra?
Å, skrekk og gru!
No vil eg aller helst snu!

Uff, så ille er det blitt
kvar vesle nerve er heilt utslitt
Eg ruslar inn i hagen
og det boblar slik i magen
Å, skit og lort!
No vil eg springe langt bort!

Refr.

Eg går no her og sveittar
A-ja-ja-ja-ja-ja
Mens adamseplet klatrar
A-ja-ja-ja-ja-ja

Vers

Ja, no kjenner eg det prikke
eg treng tjue liter drikke
Finger'n skjelv på ringeklokka
eg er skikkeleg forstokka
Å, herlighet!
Eg er så himla sjenert!

No glir jaggu døra opp
alle sansar gjer eit hopp
Men så er det berre Stine
med smiletenner fine:
Å, er det deg!
Du var jo berre litt treg!

Refr.

Eg går no her og sveittar
A-ja-ja-ja-ja-ja
Mens adamseplet klatrar
A-ja-ja-ja-ja-ja
Eit par hjartespnett som landa
A-ja-ja-ja-ja-ja
Mens eg heldt Stine lett i handa
A-ja-ja-ja-ja-ja

Slutt

Å, herlighet!
Eg er så deilig sjenert!